

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: Fredag 21.9.2012
Stad: Gol, Solstad hotell

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Tony Kjøl, Hol kommune
Ivar Brevik, Ål kommune
Hallvor Lilleslett, Gol kommune
Kjell Ålien, Nes kommune
Tor Egil Buøen, Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og Tom Hauger og regionkontakt Terje Moen
- Rådmannsutvalet deltok i sak 38 – 45

SAK 38/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 24.8.2012

Vedtak

Møteprotokoll 24.8.2012 vart vedteke.

SAK 39/12 MØTEPLAN 2013

Vedtak

DATO	TID	STAD	REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET
Fredag 25.1.2013	09:00	Hol	Regionrådet
Fredag 22.2.2013	09:00	Flå	Regionrådet mogeleg dialogmøte med fylkesmannen?
Torsdag - fredag 21 - 22.3.2013	09:00	Hemsedal	Regionrådet/rådmannsutvalet
Måndag - Tysdag 15 - 16.4.2013	09:00	Flå	Hallingtinget
Fredag 31.5.2013	09:00	Ål	Regionrådet
Fredag 28.6.2013	09:00	Nes	Regionrådet
Fredag 30.8.2013	09:00	Gol	Regionrådet
Fredag 27.9.2013	09:00	Hol	Regionrådet
Fredag 25.10.2013	09:00	Gol	Hallingtinget
Fredag 29.11.2013	09:00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 20.12.2013	09:00	Nes	Regionrådet

SAK 40/12 PROSJEKT KOMPETANSE- LÆRINGS- OG MEISTRINGSSENTER

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal har ikkje merknadar til at prosjektgruppa for Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal set i gang arbeid (fase 1) med avklaringar for eit Kompetanse, lærings- og meistringssenter i Hallingdal. Regionrådet føreset at arbeidet er finansiert. Vidareføring av prosjektet i fase 2 er avhengig av at hovudprosjektgruppa tilrår prosjektplanen overfor Samarbeidsutvalet /Regionrådet, og vil ikkje kunne setjast i gang før ein har politisk aksept i kvar kommune.

SAK 41/12 HALLINGDAL 2020, REGIONAL POSISJONERING, HOVUDPROSJEKT

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek å setja i gang eit 3-årig prosjekt; Hallingdal 2020, regional posisjonering.
2. Hallingdal 2020 er eit regionalt utviklingsprosjekt som skal vera med å vidareutvikle Hallingdal som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion.
3. Regionrådet skal i møte 23.11.2012 ha endeleg prosjektplan til handsaming.
4. Regionrådet for Hallingdal løyver over ein treårsperiode inntil kr. 1.800.000 til prosjektet. Midlane blir teke frå regionalt næringsfond med kr. 1.300.000 og kr. 500.000 frå potten gjennomføring strategisk plan.
5. Dagleg leiar i Regionrådet får fullmakt til å arbeide vidare med prosjektet for å:
 - klargjera endeleg prosjektplan
 - avklare vidare engasjement av prosjektleiar

SAK 42/12 STRATEGISK PLAN

Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta Strategisk plan for Hallingdal 2012 – 2016, med bakgrunn i utkast ver.3 og presentasjon frå dagleg leiar. Det var semje om følgjande oppbygging og retning.

Tre kategoriar

Det var semje om ei spissing av planen med ei satsing delt i tre kategoriar:

- A: Hovudsatsing
- B: Viktige utviklingsoppgåver i regionen
- C: Andre viktige oppgåver

Hovudsatsing

Det er peika ut følgjande hovudsatsingar:

- Bukvalitet, (bulyst/blilyst)
 - Hallingdal 2020
 -
- Rekruttering/posisjonering/omdømmebygging
 - Hallingdal 2020
 - Møteplassen mellom aust og vest
- Realisering av viktige samferdselsprosjekt

Viktige utviklingsoppgåver i regionen

- Kompetanse
 - Fjellfagskule

- Norges Friluftshøgskole
- Høgskuletilbod
- Reiseliv, opplevingar
- Jakt, fiske, rovdyr
- Fornybar energi og miljø (vannkraft, skog)
- Næringsutvikling
 - Utvikle næringsklynger, veksthus (eks. næringshagar, Jakt- og Fiskesenteret/rovdysenter, Torpomoen,)
- Folkehelse
 - Lokalmedisinske Tenester i Hallingdal

Andre viktige oppgåver for Regionrådet

Førebels ikkje definerte oppgåver

Dagleg leiar utarbeidar endeleg forslag til plan til ekstra møte i Regionrådet 8.10.2012.

I forslaget skal også regionstruktur vera eit tema.

Etter handsaming 8.10. skal planforslaget sendast ut for vidare handsaming i Hallingtinget 26.10.2012.

SAK 43/12 BUDSJETT 2013

Saka vart utsett til ekstra møte 8.10.2012

SAK 44/12 SAMARBEID KOMMUNE – POLITI VEDR. «RUSKONTRAKTER»

Tommy Lafton og Carina Hollås frå Nordre Buskerud politidistrikt orienterte om ordning med "avtale om rusmiddelkontrakt for ungdom". Føremålet er å gi motiverte fyrstegongs narkotikamisbrukande ungdom ein mogelegheit til å bli rusfri, gjennom bekymringsamtale med politiet og gjennomføring av ei ungdomskontrakt med naturlege samarbeidspartar. Ved å gjennomføre ei slik kontrakt får den motiverte ungdom ei mogelegheit til å bli rusfri og går klar av straff gjennom ei påtaleunnlating som blir gjeve av politiet.

Det er eit ynskje å få etablert ei ordning med «ruskontrakter» for Hallingdal, der alle 6 kommunane blir med. For at en slik ordning skal komme på plass å gi eit likt tilbod i alle kommunane i Hallingdal, må samarbeidet formaliserast. Gjennomføring av ungdomskontraktar vil kunne berøre både politiet, SLT-koordinator, helsesøster, psykisk helse og barnevernet i den enkelte kommune. Dett er m.a. avhengig av kva slags behov den enkelte ungdom måtte ha for å klare å gjennomføre ei ungdomskontrakt.

På møte vart det gjennomgått erfaringar frå ungdomskontraktar på Ringerike og Jevnaker. Nordre Buskerud politidistrikt vil kunne ta ansvaret for eit prosjekt i Hallingdal, men er avhengig av eit kommunalt engasjement.

Regionrådet og rådmannsutvalet vil drøfte saka på neste møte.

SAK 45/12 INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR RIKSVEGAR 2014 - 2017

Saka vart utsett til ekstra møte 8.10.2012

**SAK 46/12 SØKNAD OM UTVIKLINGSMIDLAR TIL HALLINGDAL
ETABLERERSENTER, 2012**

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd tilskot på kr. 250.000,- til Hallingdal Etablerersenter for 2012.
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2012.

SAK 47/12 «HISTORIA OM HALLINGDAL»

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vil arbeide for at det blir skriva ei regionhistorie om Hallingdal og vil stå for utgjevinga av boka.
2. Regionrådet tek ansvaret med å:
 - a) avklare finansiering
 - b) etablere boknemnd
 - c) engasjere forfattar
3. Det er ei klar målsetting at "Historia om Hallingdal" skal vera klar hausten 2014.
4. Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til eit støttekjøp av boka "Historia om Hallingdal", i eit antal tilsvarande 2% av folketalet.
5. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 240.00 til boka "Historia om Hallingdal". Midlane blir teke frå disposisjonsfondet. Inntekter frå sal av boka skal attendeførast til disposisjonsfondet.

SAK 48/12 HUR, MILJØARBEIDAR

Saka vart utsett til nærare avklaring i forhold til Buskerud fylkeskommune.

SAK 49/12 VEDTEKTER REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Regionrådet for Hallingdal drøfta behovet for justering av vedtekter for Regionrådet for Hallingdal. I forhold til gjeldande organisering er det ikkje sett på som aktuelt med ei ny vurdering av organisering og selskapsform.

Vedlegg syner forslag til endringar merka med gult.

Ål 28.9.2012

for rådsordførar
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Forslag til justering av vedtekter for Regionrådet for Hallingdal